

# Kyrkjeordning etter 2013

Eit refleksjonsdokument frå Kyrkjerådet

DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkjerådet





## Kyrkjeordning etter 2013

*Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd og andre kyrkjelege organ og organisasjoner*

Stortinget gjorde 21. mai i år viktige endringer i Grunnlova som fører med seg at Noreg ikke lenger har ein statsreligion. Kyrkjelova blei samstundes endra. Den norske kyrkja står nå framfor spanande organisasjonsmessige utfordringar og moglegheiter.

Kyrkjelydane blir seinare inviterte til å delta i formelle høyringar om både endringer i kyrkjelova og ny kyrkjeordning. Kyrkjerådet ønsker allereie no at flest mogleg blir involvert i ein refleksjonsprosess. På sitt møte i mars 2012 vedtok Kyrkjerådet å sende ut dette refleksjonsdokumentet om kyrkjeordning.

Vi anbefaler at sokneråd og fellesråd tek opp refleksjonsdokumentet som sak på eitt eller fleire møter. Dokumentet inviterer alle til å gje innspel og tilbakemelding til Kyrkjerådet. For at Kyrkjerådet kan skaffe seg oversikt over innspela, ber vi om at desse blir sende inn på denne nettadressa: <https://response.questback.com/kirken/kirkeordning/>

På <http://www.kyrkja.no/kirkjeordning> finn de utredningar om kyrkjeordning, lenke til nedlasting av dette refleksjonsdokumentet og lenke til skjemaet for tilbakemelding.

Samandrag av innspela blir lagt ut på <http://www.kyrkja.no/kirkjeordning>. Det vil også bli laga eit samandrag av svara til Kyrkjemøtet 2013 og Kyrkjerådet vil bruke materialet i det vidare arbeidet med kyrkjeordning.

Kyrkjerådet ønsker til lukke med spanande samtalar og vonar at flest mogleg vil sende sine innspel på ovanfor nemnde lenke. Fristen er 1. desember.

Oslo, 1. juni 2012

Med venleg helsing

Svein Arne Lindø  
  
Leiar i Kyrkjerådet

Jens-Petter Johnsen  
  
Direktør i Kyrkjerådet



## Innleiing

Den norske kyrkja står overfor store utfordringar. Relasjonen mellom staten og kyrkja er i endring.

I eit breitt forlik kalla kyrkjeforliket, vedtok Stortinget i april 2008 å endre Grunnlova på viktige områder som gjeld kyrkja. Først og fremst inneber grunnlovsendringane at staten ikkje lenger skal vere konfesjonsbunden – staten skal sjølv ikkje lenger ha ein «offentleg religion».

### §§ 2 og 16 i «gammel» grunnlov

Grl. § 2.

Alle Indvanere af Riget have fri Religionsøvelse.  
Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion.  
De Indvanere, der bekjende sig til den, ere forpligte til at opdrage deres Børn i samme.

Grl. § 16

Kongen anordner al offentlig Kirke- og Gudstjeneste, alle Møder og Forsamlinger om Religionssager, og paaser, at Religionens offentlige Lærere følge de dem foreskrevne Normer.

### §§ 2 og 16 i «ny» grunnlov

Grl. § 2.

Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv.  
Denne Grundlov skal sikre Demokrati, Retsstat og Menneskerettighederne.

Grl. § 16

Alle Indvanere af Riget have fri Religionsøvelse. Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan af Staten.  
Nærmere Bestemmelser om dens Ordning fastsættes ved lov. Alle Tros- og Livssynssamfund skal understøttes paa lige Linje.

Desse endringane skjedde våren 2012 og er ein viktig milepål i Den norske kyrkja si historie.

For staten inneber dette at staten sitt særskilte kyrkjestyre vert avvikla. Det skal ikkje lenger haldast «kyrkjeleg statsråd». Det vil ikkje vere krav om medlemskap i Den norske kyrkja for statsrådar. Staten skal ikkje lenger drive religiøs verksemd, men støtte Den norske kyrkja som folkekyrkje, og andre trus- og livssynssamfunn på linje med henne.

For kyrkja inneber ein konfesjonsfri stat i første omgang at biskopar og prostar ikkje lenger skal utnemnast av regjeringa (kyrkjeleg statsråd), men tilsettast av kyrkjeloge organ. Naudsynte endringar i kyrkjelova på desse punkta skjedde samstundes med grunnlovsendringane våren 2012.

Grunnlovsendringane inneber òg at den statlege styringa av kyrkja tek slutt. Kyrkja vert med dette meir sjølvstendig, og kan fastsetje sine eigne ordningar og styre si eiga verksemd. For kyrkja gjeld det å vere budd på desse endringane og finne organisatoriske løysingar som best svarar til kyrkja sine oppgåver.

I tillegg må kyrkja sin struktur endrast slik at ressursane vert nytta på beste måten for å tene evangeliet og kyrkjelydane i den ordninga vi har.

# Bakgrunn og problemstillingar

Kyrkjemøtet har fleire gonger teke til orde for at kyrkjeordninga må endrast. Når Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn skal stillast likt, må mynde flyttast frå Storting og regjeringa til kyrkjelege organ. I 2011 vedtok Kyrkjemøtet følgjande:

- Den norske kyrkja må forankrast i ei kortfatta rammelov, vedteken av Stortinget.
- Den norske kyrkja må bli eige rettssubjekt.
- Kyrkjemøtet må få mynde til å fastsetja kyrkjeordninga.
- Kyrkjemøtet må få mynde til å vedta kyrkjeleg regelverk.
- Arbeidsgjeveransvaret for prestar, prostar og biskopar må overførast til kyrkjelege organ.
- Kyrkjerådet og bispedømmeråda må ikkje lenger vere statlege forvaltningsorgan.

Ei meir sjølvstendig kyrkje opnar eit rom for vidare utvikling av kyrkjeordninga. Dette kan også medføre endringar for lokale og regionale organ.

Ordet «kyrkjeordning» vert her nytta *om reglar for kyrkjeleg organisering gjeve av kyrkjelege organ* (Kyrkjemøtet), til forskjell frå kyrkjelova, som er vedteken av Stortinget.



*Endringane i tilhøvet mellom staten og kyrkja ved endringane av Grunnlova i mai 2012, ligg til grunn når Den norske kyrkja no skal arbeide fram ei ny kyrkjeordning.*

## 1. Føremål med refleksjon og innspel

Føremålet med dette heftet er å starte ein brei refleksjon i kyrkjelydane, dei kyrkjelege organa og kyrkjelege organisasjonar om framtidig kyrkjeordning. Heftet skal danne grunnlag for ei drøfting av viktige tema som gjeld kyrkjeleg organisering. Arbeidet med kyrkjeordning skal skje i ein brei og open prosess med rikeleg høve til å kome med innspel til Kyrkjerådet sitt vidare arbeid. Nokre utvalde kyrkjesamfunn er også inviterte til å gi innspel.

Stortinget og regjeringa har avgjerande mynde til å vedta endringar i kyrkjelova som regulerer Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet har i dag ikkje mynde til å fastsetje reglar for kyrkja si ordning. For å kome dit må kyrkjelova endrast ein gong etter utløpet av avtaleperioden for kyrkjeforliket i 2013.

Det er likevel innarbeidd praksis at Storting og regjering lyttar til dei kyrkjelege organa sine synspunkt på eiga organisering. Kyrkjerådet forventar at det vil vere brei kontakt med Stortinget og regjeringa om kyrkjeleg organisering i åra som kjem.

Staten har lagt opp til at den vidare utviklinga av Den norske kyrkja sine ordningar skal skje skrittvis, (sjå eventuelt Stortingsmelding nr. 17 (2008) på [www.kyrkja.no/kyrkjeordning](http://www.kyrkja.no/kyrkjeordning)). Ein skal verken avgjere eller fastsetje ei framtidig kyrkjeordning no.

Når avtaleperioden for Stortinget sitt kyrkjeforlik går ut, bør likevel kyrkja ha gjort seg nokre tankar om vegen vidare. Kyrkjerådet legg opp til at Kyrkjemøtet våren 2013 kan gjere et førebels vedtak om den vidare utviklinga av kyrkjeordninga. Ein vil særlig vektlegge kva Stortinget kan vedta i ei rammelov, og kva som bør vere Kyrkjemøtet si oppgåve å vedta.

Det vil seinare kome høyringar både om framlegg til ny kyrkjelov og om konkrete og konsekvensutgreidde framlegg til kyrkjeordning. På dette tidspunktet i prosessen er det nyttig å setje seg inn i dei aktuelle problemstillingane, og ev. vere med å påverke retninga på det vidare arbeidet.

Heftet du no sit med inneholder stoff til refleksjon og konkrete spørsmålsstillingar. Kyrkjerådet ønskjer primært å få tilbakemelding på spørsmåla, men det er også mogleg

å gjennomføre ei drøfting *utan* å svare på spørsmåla. Innspel vert lagt ut på nettstaden [www.kyrkja.no/kyrkjeordning](http://www.kyrkja.no/kyrkjeordning). Eit samandrag av innspela vil følgje saka til Kyrkjemøtet 2013 og til seinare utgreiingar.

## 2. Bakgrunn og litt historie

Den norske kyrkja har utvikla organisasjonen og strukturen sin gradvis. Dei siste hundre år har ho vore oppteken av lekfolkets si rolle og av oppbygginga av kyrkja sine styringsorgan.

Sokneråda vart etablert i 1920, bispedømmeråda i 1933, Kyrkjerådet i 1969, Kyrkjemøtet i 1984 og kyrkjeleg fellesråd vart lovfesta i 1996. Dette er organ kyrkja arbeidde i mange år for å få på plass, inntil dei vart oppretta av Stortinget. Kyrkjelova av 1996 innebar at soknet fekk monaleg større sjølvstende overfor kommunen.

Kyrkja si organisering og tilhøvet til staten har vore utgreidd ei rekke gonger frå 1970-tallet og fram til i dag, og fleire breie høyringar er gjennomførte:

- I 1970 oppnemnde Stortinget eit utval for å gi ei heilskapleg vurdering av det statskyrkjelege systemet. NOU 1975:30 *Stat og kirke* tok til orde for ei sjølvstyrta folkekyrkje, men eit fleirtal av høyningsinstansane ville behalde statskyrkja.
- I 1980 kom Stortingsmeldinga om *Stat og kirke*. Den vart følgd av reformer som sikra kyrkja større grad av sjølvstyrt. Lovendringar gjorde at Kyrkjemøtet vart



Det var ei kyrkjhistorisk grunnlovsending Stortinget gjorde 21. mai 2012 då dei paragrafane som omhandlar tilhøvet mellom kyrkje og stat vart endra.

establisert (1984), og at tilsettingsmynde for prestar vart lagt til bispedømmerådet (1989).

- NOU 1989:7 *Den lokale kirkes ordning* utgreidde tilhøva på det lokale nivået og førte til ny kyrkjelov og gravferdslov i 1996. Kyrkjeleg fellesråd vart lovfesta i alle kommunar.
- Kyrkjerådet oppnemnde i 1998 eit utval leia av Trond Bakkevig til å utgrei tilhøvet mellom staten og kyrkja. Utgreiinga *Samme kirke – ny ordning* kom i 2002 og var gjenstand for brei høyring. Konklusjonen frå utgreiinga var at staten måtte føre ein aktivt støttande religionspolitikk og legge til rette for likestilling mellom trussamfunn. Ei ny kyrkjeordning måtte innebere eit nytt rettsgrunnlag for Den norske kyrkja med tydeleg sjølvstende overfor staten.
- Gjønnesutvalet, oppnemnt av regjeringa i 2003, la fram utgreiinga NOU 2006:3 *Staten og Den norske kirke*. Utgreiinga følgde opp fleire av konklusjonane i Bakkevig-utgreiinga. Føremålet med utgreiinga var å gi grunnlag for å vurdere om statskyrkjeordninga skulle vidareførast, reformerast eller avviklast. Eit fleirtall i utvalet gjekk inn for at gjeldande statskyrkjeordning burde opphevast, men at kyrkja framleis skulle vere knytt til staten gjennom føresegner i ei eiga kyrkjelov.
- Våren 2008 leverte det såkalla Demokratiutvalet innstillinga *Styrket demokrati i Den norske kirke*. Utvalet, sett ned av Kultur- og kyrkjedepartementet i samarbeid med Kyrkjerådet, leverte viktige premissar til det som seinare er kjent som «kyrkjeforliket».
- Kyrkjeforliket vart teke inn i St.meld. nr 17 (2007–2008) *Staten og Den norske kirke*. Dette er ein politisk avtale som har konsekvensar for tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja og er omtalt innleiingsvis i dette heftet.
- I 2010 sette direktøren i Kyrkjerådet ned ei arbeidsgruppe for å legge fram utkast til kyrkjeordning (regeltekst gjeve av Kyrkjemøtet) slik den kan sjå ut etter utløpet av Kyrkjeforliket (2013). Arbeidsgruppa greidde mellom anna ut fleire moglege modellar for kyrkjeleg organisering. Utgreiinga *Kjent inventar i nytt hus* (2011) har vore gjenstand for ei rekke opne møter og innspel. Arbeidsgruppa har levert framlegg til ei



fullstendig kyrkjeordning. Arbeidet utgjer eit viktig ressursmateriale for den vidare prosessen.

I tillegg til dette ligg det føre anna ressursmateriale, mellom anna frå KA, *Fremtidig organisering av arbeidsgiveransvaret i kirken* (2008), frå Presteforeninga, *Ledelse i folkekirken* (2011) og Andreas Aarflot og John Egil Bergem si bok *Mot en selvstendig folkekirke* (2007). KA har òg gjeve ut ressursheftet *Framtidig kirkeordning – med særlig fokus på den lokale kirke* (2012).

Dei nyare utgreiingane som er omtalt her, er tilgjengelege via [www.kyrkja.no/kyrkjeordning](http://www.kyrkja.no/kyrkjeordning)

### 3. Kva kyrkja er og gjer

Ordet *kyrkje* rommar ulike perspektiv. Det kan vere definisjonen på ei lokal samanslutning av kristne, og det kan vere ein organisasjon som ytre sett er representert av tilsette og frivillige. Nokre assosierer kanskje kyrkja med statsmakta og maktstrukturane i samfunnet, mens andre igjen knyter ordet kyrkje mest berre til ein bygning. Uansett kva ein først og fremst legg i ordet, er kyrkja knytt til kristen tru: den er til på grunn av trua på Jesus Kristus, og bidreg til at denne trua vert formidla og ført vidare.

Ei kristen kyrkje kan vere organisert på mange ulike måtar. Kyrkja lever dessutan under svært ulike rammevilkår i ulike land. Det er historiske grunnar til at Den norske kyrkja er organisert slik ho er i dag. Kyrkja har sidan kristendommen vart landet sin offisielle religion, sett på seg sjølve som ei nasjonal, landsdekkjande kyrkje. Både før og etter reformasjonen i Noreg såg kyrkja seg

sjølve som den eine norske kyrkja, som har teke vare på sin identitet gjennom forvaltinga av *Ord og Sakrament*.

I ordningane som har prega kyrkja, har bispedømma og dei historiske bispeseta spelt ei grunnleggande rolle for kyrkja si organisering, og for kyrkja si tilknyting til styringsstrukturane i samfunnet.

Det har likevel skjedd mange endringar, både når det gjeld synet på Den norske kyrkja som trussamfunn og på tilhøvet mellom stat og kyrkje. Den norske kyrkja er ein del av den verdsvide kristne kyrkja. I den nikenske truvedkjenninga vert trua på éi, heilag, allmenn og apostolisk kyrkje uttrykt. Samtidig blir den verdsvide kyrkja i dag representert av ei rekke konfesjonar og kristne trussamfunn, òg i Noreg. Den norske kyrkja har karakter både som trussamfunn og folkekirkje.

Når vi no arbeider for ei ny kyrkjeordning, må vi ta omsyn til og utgangspunkt i det som er, samstundes som nye tider krev nye ordningar. Tek ein omsyn til teologi, kultur, jus og økonomi viser det seg raskt at det er umogleg å skildre dei ideelle rammevilkåra for ei kristen kyrkje. Vi bør sjå kva og kven kyrkja er til for. Kyrkja er samansett av menneske som ved dåpen er innsett til fellesskap med Gud og med kvarandre.<sup>1</sup>

Gjennom dåpen vert ein ikkje berre del av Jesu kropp på jorda, men får òg medlemskap i kyrkja. Dåpen er ein føresetnad for deltaking ved nattverden.

«*Gå difor og gjer alle folkeslag til lærersveinar: Døypt dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lør dei å halda alt det som eg har bode dykk» (Matt. 28,19–20a).*

Dette oppdraget vart gjeve til apostlane, og er grunnlaget for kyrkja sitt oppdrag i dag. Kjenneteikn på kyrkja er at ho er ein fellesskap av alle slags menneske. Alle er like for Gud, alle har del i den same nåden og alle får knele ved det same nattverdbordet. Kyrkja består av menneske

<sup>1</sup> Frå *Den norske kyrkjas identitet og oppdrag*, vedteke av Kyrkjemøtet i 2004



Nye satsingar innanfor trusopplæringa, som Lys Vaken-arrangementa, inspirerer til ny kreativitet i tilbodet til born og unge. Her fra Vardåsen kyrkjelyd i Asker.

med ulike erfaringar, sorger og gleder. Som fellesskap er kyrkjelyden kalla til å vitne om håpet og oppreisinga som ligg i Jesu oppstode frå dei døde.

Å vera ein del av kyrkjefellesskapen er meir enn å vere medlem i ei foreining med ei gruppe likesinna menneske. Fellesskapen representerer og gjer synleg Jesu nærvær blant menneska, og fordi Jesus er til stades i Ord og sakrament, vert fellesskapet og kyrkja til.

Kyrkja står midt i verda, midt i samfunnet. Gjennom kyrkja sitt liv, forkynning og vitnesbyrd i ord og handling, kan menneske få del i eit heilskapleg møte med den treeinige Gud og med kvarandre. Evangeliet vert forkynt og formidla gjennom ord og handling, som den gode bodskapen om Gud som gir liv og reiser opp.

## Den norske kyrkja sin visjon

I kyrkja sitt visjonsdokument frå 2008 står det kva Den norske kyrkja er og ønskjer å vere. Visjonen teiknar kyrkja, kyrkja sitt opphav, grunngjeving, sjølvforståing og oppdrag. Visjonen skal gi retning til alt arbeid i kyrkja:

*I Kristus, nær livet – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekirkje<sup>2</sup>*

Kyrkja er *vedkjennande* ved å dele og gi vidare trua på den treeinige Gud. Den er *misjonerande* ved å vitne om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja. Kyrkja er også *tenande* ved å vise omsorg gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern om skaparverket. Og kyrkja er *open* ved å utvikle fellesskap som verdset mangfold og respekterer skilnader.

<sup>2</sup> Frå *Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014*, vedteke av Kyrkjemøtet 2008



Visjonsdokumentet inneholder også ei rekke forpliktande, retningsgjevande og motiverende formuleringar på kva vi vil gjere saman. Ei av desse er: «*Saman vil vi skape tenlege strukturar og ordningar som gjer kyrkja i stand til å oppfylle oppdraget sitt og tenesta si.*»

Den døpte vert medlem av kyrkja, anten det skjer som barn eller voksen. Kyrkja stadfestar og tek vare på alle døpte som fullverdige medlemmer. Det er likevel store variasjonar i kyrkjemedlemmane sitt tilhøve til kristen tru og deira deltaking og engasjement i kyrkja sitt liv. Kyrkja vil legge til rette for at fleire kan sjå gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden som ein stad for å uttrykke og finne styrke til trua.

Gjennom historia har Den norske kyrkja vore statskyrkje. Kyrkja har også status som ein offentleg institusjon.

## Kyrkjelyden (soknet) som kyrkja si grunneining

Ei kyrkje si konkrete organisering vil alltid vere knytt til tid og stad. Forma til den enkelte kyrkjelyd vil vere «lokalt». Kyrkja har difor mange ulike former.

Samstundes seier vi i vedkjenninga at kyrkja er éi, *heilag, allmenn og apostolisk*. Heile tydinga av desse fire kjenneteikna på den universelle kyrkja kan berre Gud

kjenne fullt ut. Det finns slik sett alltid spenning mellom den fullkomne kyrkja vi vedkjenner og dei mange formene kyrkja kan ha lokalt.

Kyrkjelova § 2 seier at: *Soknet er den grunnleggande eininga i Den norske kyrkja.* I Den augsburgske vedkjenninga vert det nytta eit anna språk. Her heiter det at *kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lert reint og sakamenta forvalta rett.*

I gudstenesta skjer det ei kontinuerlig fornying av kyrkja, i brytning mellom tradisjon, samtid og aktuelle utfordringar. Det er herifrå vi vert sende ut til vitnesbyrd og teneste. Kyrkja sin organisasjon må difor byggjast rundt det som skjer i kyrkjelyden.<sup>3</sup> Dette står ikkje i motsetnad til, men i samanheng med at kyrkjelydane er knytt saman både på regionalt og nasjonalt nivå.

Organisatorisk har dette vore styrt av soknerådet, i samvirke med prestetenesta: *Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet* (§ 9 i kyrkjelova) om

<sup>3</sup> Avsnittet er delvis henta frå *Den norske kyrkjas identitet og oppdrag*



Gudstenestelivet er den sentrale verksemda for kyrkjelyden. Her frå ei konfirmasjonsgudsteneste i Bragernes kyrkje i Drammen.

soknerådet sine oppgåver. Den lokale kyrkjelyden femner alle døypte kyrkjemedlemmer innan eit avgrensa område (soknet). Kyrkjelyden har oppgåver i soknet, samstundes som den er det lokale uttrykket for ei universell kyrkje.

## Ulike tenester i kyrkja

Den lutherske læra om *det allmenne prestedømmet* (1. Pet.2) gjev alle døypte ansvar for kyrkjelyden sitt liv. Alle dei døypte er med å gjere kyrkja til ei levande kyrkje. Dette gjeld både lokalt, regionalt og nasjonalt.

I ein kristen kyrkjelyd er det mange oppgåver. Vigsling til særskilt teneste i kyrkja har røter attende til urkyrkja. I vår kyrkje er det diakon, kantor, kateket, prest og biskop som vert vigsle til medarbeidarar. Vigsling er eit uttrykk for den aktuelle tenesta sitt særskilte ansvarsområde. Ved å vere ulike kan dei utfylle kvarandre og saman tene den verksemda som spring ut av kyrkjelyden. Desse tenestene som ein vert vigsle til, har kyrkja definert slik:

*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd (Plan for diakoni 2008).*

Kyrkja si undervisningsteneste har som formål å fremje trusopplæringa i kyrkjelyden, styrke trua hjå alle døypte, gi hjelp til livsmestring og kalle til etterfølging (Tenesteordning for kateketar § 2).

Kyrkjemusikktenesta har som formål å gi kyrkjelyden eit musikalsk uttrykk i gudstenesta og øvrig kyrkjelydsliv (Tenesteordning for kantorer § 2).

Presten skal forvalte Ord og sakrament slik at kristen tru og kristent liv vert fremja i kyrkjelydane ... (Tenesteordning for kyrkjelydsprestar § 2).



Vigsling til ulike tenester er uttrykk for den enskilde tenesta sitt særskilte ansvarsområde. Diakonien er ei slik teneste i kyrkja.

## 4. Kyrkjemøtet sitt vedtak om arbeid med kyrkleordning

Kyrkjemøtet vedtok i 2007 hovudprinsipp og føringar for arbeidet med kyrkleordning (*sak KM 8/07*). Vedtaket ligg til grunn for utgreiingar og det kontinuerlige arbeidet med kyrkleordning i regi av Kyrkjeradet.

Dette vedtaket er sentralt i det pågående arbeidet med ny kyrkleordning. Vi meiner difor det er viktig å gå grundig inn i og samtale rundt desse punkta.

Det ligg òg føre andre vedtak om konkrete enkeltpørsmål til kyrkleordning. I sak KM 8/05 gjekk Kyrkjemøtet inn for felles arbeidsgjevaransvar og tre forvaltningsnivå med demokratisk valde organ. Desse vedtaka ligg som føresetnader for dette refleksjonsdokumentet. (Sjå dei neste to sidane)



Røysting på Kirkjemøtet.

## Spørsmål til samtale:

*Drøft visjonen for Den norske kyrkja og kva for konsekvensar denne bør ha (jf 2).*



*Drøft kyrkjelyden sin plass i kyrkja sin organisasjon.*



*Drøft korleis samvirket mellom dei valde organa og prestetenesta bør utformast innanfor ein demokratisk oppbygd beslutningsstruktur.*

## Hovedprinsipper og føringer for en ny kirkeordning – vedtatt av Kirkemøtet 2007 (sak KM 8/07).

1. Den norske kirkes **læregrunnlag** videreføres. Dette er Den hellige Skrift, sammenfattet i den apostoliske, nikenske og athanasianske trosbekjennelse, samt i den uforandrede augsburgske konfesjon av 1530 og Luthers lille katekisme.
2. Den norske kirke skal være en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.
3. Kirkeordningen må formulere **kirkens oppgave**, som omfatter forkynnelse av evangeliet og forvaltning av sakramentene i gudstjenestefeiring og kirkelige handlinger (dåp, konfirmasjon, ekteskapsinngåelse og begravelse), trosopplæring, sjelesorg, diakoni, kirkemusikk, misjon og kirkelig kulturarbeid. Dette er oppgaver som må løses lokalt. Den øvrige kirkelige struktur skal støtte opp om lokalmenighetens løsning av disse oppgavene, ivareta tilsyn og samordning, og ivareta Den norske kirkes kontakter med andre kirker og tros- og livssynssamfunn.
4. **Dåpen** skal være eneste medlemskriterium. Alle medlemsrettigheter og plikter har dette som utgangspunkt.
5. Kirken skal ha **en særskilt tjeneste** (den ordinerte tjeneste) med ord og sakrament, og andre tjenester som bidrar til å utføre kirkens oppgave.

*Drøft på kva måte  
kyrkjeordninga kan legge  
til rette for «ein demokratisk  
beslutningsstruktur» (jf 6).*



*Drøft på kva måte  
kyrkjeordninga kan legge til  
rette for  
– «ei dynamisk vidareutvikling  
av kyrkja sitt liv» (jf 11)  
– «medlemmers engasjement og  
deltaking» (jf 12).*

*Kva for føresetnader er viktige  
for å ivareta dette?*

*Drøft kva som skal til  
for at kyrkja kan vere  
landsdekkjande, nærværande og  
tilgjengeleg (jf 14).*

*....  
og gi rom for mangfold med  
omsyn til tradisjonar, kultur og  
teologi (jf 15).*



6. Kirken skal ha en **demokratisk** oppbygd beslutningsstruktur.
7. Kirkeordningen skal avklare ansvar og oppgaver for de ulike organer, nivåer og tjenester og legge til rette for samvirke mellom tjenestelinjen i den ordinerte tjeneste og rådene, og mellom lokale, regionale og sentrale organer.
8. Kirkeordningen må sikre at all kirkelig prioritering tar utgangspunkt i **den lokale menighetens behov**. Den lokale virksomheten er livsnerven i kirken.
9. Kirkeordningen må understreke og styrke **soknenes betydning** og innflytelse i hele kirkens organisasjon. Soknet er grunnenheten i kirken. Soknet skal fortsatt være selvstendig rettssubjekt og eier av kirkebygg. Denne organisasjonsstrukturen skal sikre kirkelig nærvær og kirkebygg i alle landets lokalsamfunn.
10. Kirkeordningen skal sikre kontinuitet i kirkens forhold til dens medlemmer, lokalsamfunn og storsamfunn.
11. Kirkeordningen skal legge til rette for en dynamisk vidareutvikling av kirkens liv i møte med et samfunn og en kultur i endring.
12. Kirkeordningen skal fastsette strukturer og beslutningsprosedyrer som tjener til at Den norske kirke kan utføre sitt oppdrag, og legge til rette for medlemmenes engasjement og deltakelse.
13. Kirkeordningen skal også bidra til å bevare og styrke enheten mellom dem som tilhører Den norske kirke, mellom menigheter, bispedømmer og Den norske kirke som helhet, og med hele den verdensvide kirken.
14. Kirken skal være **landsdekkende**, nærværende og tilgjengelig for alle sine medlemmer.
15. Kirken skal gi rom for et **mangfold** med hensyn til tradisjoner, kultur og teologi og ulike grader av trosengasjement og deltakelse.
16. Kirken har et særskilt ansvar for å ivareta samisk kirkeliv som en nødvendig og likeverdig del av Den norske kirke. Dette begrunnes i samenes sterke historiske tilknytning til Den norske kirke, samt i samenes status som urfolk i Norge.
17. Videre utforming av Kirkeordningen skal foregå som en bred og **åpen prosess**.

## *5. Nokre tema som vedkjem kyrkja si ordning*

Som innleiing til spørsmålsstillingane i følgjer her nokre utvalde tema og problemstillingar.

### **Lokal organisering**

Etter kyrkjelova er det i dag to lovfesta organ for soknet, soknerådet og kyrkjeleg fellesråd. Der det er fleire sokn i kommunen er kyrkjeleg fellesråd eit obligatorisk samarbeidsorgan for sokna. I kommunar med eit sokn har soknerådet òg fellesrådsfunksjonar. Dette organet har avgjerdssrett i økonomiske og administrative spørsmål, jf. kyrkjelova sin § 14. Soknerådet har avgjerdssrett i spørsmål som har med det kristelege livet i soknet å gjere, jf. kyrkjelova sin § 9, og er soknets primære organ.

Kyrkjeleg fellesråd har to funksjonar på vegne av soknet: både å vere organ for kvart enkelt sokn og å vere

samarbeidsorgan for alle sokna innan kommunen. Alle sokneråd er difor representerte i fellesrådet. Kyrkjeleg fellesråd skal ta hand om administrative og økonomiske oppgåver på vegne av soknet, ta hand om sokna sine interesser overfor kommunen, ha ansvaret for kyrkjene, kyrkjegardane og vere arbeidsgjevar for soknet sine tilsette.

I den gjeldande ordninga opptrer både fellesråda og sokneråda på vegne av soknet.

Ei alternativ lokal organisering kan vere at soknet har eit primært styringsorgan, soknerådet, som i utgangspunktet kan forvalte all mynde på vegne av soknet. Der soknet ikkje kan ta hand om oppgåvene på eiga hand, må soknet søkje samarbeid med andre sokn om oppgåveløysning og forvaltning. Sokna kan då velje å etablere eit samarbeidsorgan (same funksjon som fellesrådet i dag) for å ta hand om samarbeidet. Her kan sokna i fellesskap kome fram til kva for samarbeidseiningar som er mest tenlege ut frå ei lokal vurdering, eventuelt etter kriterier fastsette i ei



kyrkjeordning. Anten kyrkjeordninga fastset om det skal vere to organ for soknet, eller om sokna sjølv skal avgjere dette, aktualiserer dette følgjande spørsmål: kva for mynde og kva for oppgåver bør ligge i den enkelte kyrkjelyd (soknerådet) og kva bør/kan eit samarbeidsorgan for fleire sokn ta hand om?

Eit anna alternativ kan vere å vurdere større sokn. Dette vil gi meir robuste lokale einingar, til dømes relatert til eit visst tal på tilsette eller eit bestemt ressursnivå. Kva som er «robust» og kva for kriterier som kan regulere størrelsen på sokn er viktige spørsmål. Det er til no ikkje utarbeidd kriterier for soknestørrelse og det er store variasjonar mellom sokna i dag.

Dei seinare åra har nokre fellesråd samarbeidd meir, eller slått seg saman. Fleire stader har ein gjennom auka samarbeid styrka fellesrådet si oppgåveløysing, fått betre kvalitet på tenestene og funne ei meir robust organisering. Eit døme på dette finst i Midtre Namdal prosti i Nidaros, der fire fellesråd har slått seg saman.

## Kyrkjelyden, kommunen og lokalsamfunnet

Dette heftet legg til grunn at finansieringa av kyrkja held fram som i dag; over kommune- og statsbudsjett. Korleis kyrkja skal finansierast vil kunne verke inn på organiseringa, men det vert ikkje lagt opp til ei endring av dette no.

Norske kyrkjelydar har nær tilknyting til lokalsamfunnet. Den lokale kyrkja har ein spesiell plass i mange menneske sitt liv. Norske kommunar er pålagt ved lov å finansiere Den norske kyrkja lokalt. Det er kommunale løvvingar som sikrar vedlikehald og drift av kyrkjebygg og verksemda i sokna. Løvvingane er ikkje basert på berekningar eller nærmare kriterier, men på mellom anna fellesrådet og kommunen si vurdering av situasjon og behov, kommunen sin økonomiske situasjon og prioritering av kyrkjelege formål. Difor sit ein representant frå kommunen i kyrkjeleg fellesråd. Eit viktig spørsmål i arbeidet med kyrkjeordning er kva for formell kontakt sokna kan ha med kommunen med siktet på å fremje dei kyrkjelege behova i forkant av den kommunale budsjethandsaminga. Kor naudsynt er eit organ på kommunenivå for kyrkja?



*Gravferdsverksemada gjeld alle - uansett religion og livssyn.*

Den lokale kyrkja har ikkje berre *kyrkjelege* oppgåver. Den har også andre *offentlege* oppgåver, mellom anna ansvaret for gravferdsverksemda. Dette er verksemda som gjeld alle borgarar – uansett tru, livssyn eller religion. Kyrkjeleg fellesråd har i dag ansvaret for over 2000 gravplassar og det er over 1000 tilsette i gravferdsforvaltninga.

Kristen tru har prega landet i meir enn tusen år, og i denne tida har det vore eit tett samband mellom kyrkjer og gravplassar. Mange fellesråd har valt å samarbeide tett med kommunen når det gjeld drift av gravplassane. Mange kyrkjeleg tilsette har kombinasjonsstillingar knytt til drift av både kyrkjebygg og gravplass.

Tilhøvet mellom kyrkja og lokalsamfunnet vil påverke den kyrkjelege organiseringa framover. I kommunar med fleire sokn, ser kommunane det som naturleg og ønskeleg å forholda seg samla til sokna.

## Kyrkjelyden og dei regionale organa

I gjeldande kyrkjelov er Prostiråd og Bispedømmeråd kalla regionale kyrkjelege organ.

Prostiråd er eit frivillig organ som sokneråda i eit prosti kan opprette for å handsame saker som er felles for prostiet, jf. kyrkjelova § 22.

I dag leier prosten prestetenesta innan prostiet, og det er 106 prosti i Den norske kyrkja. Utgreiinga «Kjent inventar i nytt hus» (2011) gjekk inn for å utvikle prostia til eit framtidig forvaltningsnivå.

*Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet (jf. kyrkjelova § 23).*

Blant bispedømmeråda sine oppgåver ligg tilsetjing av prestar og fordeling av statlege tilskot til mellom anna særskilte stillinger (diakonar og kateketar). Bispedømmerådet gjer òg vedtak om samanslåing eller regulering av sokn, og er godkjennings- og klageinstans for ein del saker innan kyrkjeleg forvaltning. I tillegg kjem oppgåver knytt til tenesta til biskopen.

Kyrkjemøtet vedtok i 2005, i sak KM 8/05, at *en fremtidig kirkeordning bør ha tre forvaltningsnivåer med demokratisk valgte organer*. Kyrkjemøtet ba vidare om at det vert utforma eit organ på mellomnivået som skal *balansere den lokale tilhørighet med mulighet for strategisk samordning og forvaltningsmessig kompetanse*. Ei viktig vurdering vil vere kva for organ dette skal vere og kva for oppgåver eit regionalt organ skal ha i Den norske kyrkja.

## Kyrkjelyden og Kyrkjemøtet

Relasjonen mellom stat og kyrkje er under utvikling, dette aktualiserer spørsmålet om dei sentrale kyrkjelege organa sine oppgåver og rolle. Kva skal vere Den norske kyrkja sine oppgåver på nasjonalt nivå? Korleis kan Kyrkjemøtet best støtte arbeidet i kyrkjelydane? Det er i dag Kyrkjemøtet si oppgåve å fastsetje mellom anna liturgiar og retningsgjevande planar for diakoni, undervisning, kyrkjemusikk og økumenikk. Kyrkjemøtet skal òg fastsetje kvalifikasjonskrav og tenesteordningar for særskilte stillinger.

Kyrkjedepartementet er ein del av eit nasjonalt kyrkjestyre. Når relasjonen mellom stat og kyrkje vert

MEDLEMMER I KYRKJEMØTET 2012 - 2015											
OSLO	BORG	HAMAR	TUNSBURG	AGDER OG TELEMARK	STAVANGER	BØRGENSINN	MØRE	NEDAROS	SØR-HEDMARK	NORD-HEDMARK	
<b>LÆRDELSREPRESENTANTAR, VALDE AVTENN DIREKTE AV KYRKJEMØTET, ELLER AV MEDLEMMENE I MØNERÅDA</b>											
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
<b>LÆRDELSREPRESENTANTAR, VALDE AVTENN DIREKTE AV KYRKJEMØTET, ELLER AV MEDLEMMENE I MØNERÅDA</b>											
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	
 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	 Birthe Berg	<img alt="Portrait of Birthe Berg" data-b				



Soknerådet i Strusshamn sokn  
på Askøy.

endra vil oppgåver og mynde som tidlegare låg til kyrkjedepartementet no verte overført til kyrklege organ, ved Kyrkjemøte og Kyrkeråd.

Kyrkjemøtet sitt mynde har fram til i dag dels vore fastlagt i kyrkjelov, dels i delegasjon frå Kongen, til dømes mynde til å fastsetje liturgiar. Kyrkjemøtet hentar samstundes mynde frå kyrkjelydane og medlemmene gjennom vala.

Eit av spørsmåla framover vil vere i kor stor grad kyrkjelydane gjennom valordninga skal ha innverknad på vedtak fatta i Kyrkjemøtet. Eit anna spørsmål er kva for mynde Kyrkjemøtet skal ha overfor arbeidet i sokna.

## Embete og råd

Den norske kyrkja har ei organisering med fordeling av mynde mellom dei som har ansvar for Ord og sakrament (embete/prestane), og folkevalde rådsorgan der òg prestane og biskopane er representert.

Forståinga av «embete og råd-modellen» vart utforma av Kyrkjemøtet i 1984 og 1988. Modellen kan karakteriserast ved stikkorda *sjølvstende* og *samvirke*.

- Sidan prestetenesta og dei valde organa i dag er to *sjølvstendige* verksemder, arbeider dei *sjølvstendig* på grunnlag av kvart sitt mandat og oppgåve. Det er ei uttalt målsetting at desse to verksemndene skal samarbeide – og omgrepet *samvirke* kan nyttast om dette samarbeidet. (I noverande kyrkjeordning er omgrepet «samordning» nytt).
- Sidan prestane og biskopane er medlemmer av folkevalde organ, er desse organa sett saman av den

kompetansen som lekfolk, prestar og tilsette til saman representerer. Om dette samarbeidet innan dei valde organa nyttar Kyrkjemøtet i 1984 og 1988 omgrepet *samvirke*. Dette er følgjeleg eit *samvirke* om dei oppgåvene som dei valde organa har fått.

Kyrklege styring og leiarskap framstår såleis i eit samvirke mellom dei som representerer kyrkjelyden sine leke medlemmer og dei som er ordinerte til tenesta med Ord og sakrament.

Kyrkjemøtet meiner ein må ta vare på samvirket mellom embete og råd i ei framtidig ordning med felles arbeidsgjever for prestar og andre tilsette. Utfordringane med dette er fleire. Eit spørsmål er korleis ein skal ta hand om tenesta med Ord og sakrament i en ny kyrkjeordning: skal kyrkjeordninga framleis legge til rette for eit sjølvstendig ansvar for prestetenesta utan at alle sider ved denne tenesta vert innordna i råda? Eller kan ein sikre den sjølvstendige tenesta innanfor og underlagt eit kyrklege demokratisk styresett ved råda?

## Leiing

Kyrklege oppgåveløsing krev leiing. Noverande kyrkjeordning har ei todelt leiing. Det følgjer av at verksemda er todelt.

- Tenesta med Ord og sakrament (prestetenesta) er ei sjølvstendig verksemd. Biskopen leier prestetenesta i bispedømmet, prosten leier prestetenesta i prostiet og soknepresten leier prestetenesta i sokna. Tenesta med Ord og sakrament kan ikkje avgrensast til å gjelde

leiing innanfor *ein del av* organisasjonen. Tenesta inneber dessutan ei sjølvstendig leiing i *heile* kyrkja på grunn av tenesta sin karakter. Dette er formulert slik i tenesteordning for kyrkjelydsprestar: *I forvaltningen av Ord og sakrament utøver alle menighetsprester et pastoralt lederansvar og bidrar til strategisk og åndelig ledelse i og av menigheten.* Det same kan ein seie om prosten si leiing regionalt og biskopen sitt leiarskap i bispedømmet og på landsbasis.

- Dei valde kyrkjelege organa er òg ei sjølvstendige verksemder som driv med kyrkjeleg leiarskap i kraft av manda sine. Prest og biskop er medlemmar av organet (jf. omtalen av embete og råd ovafor). Dagleg leiing vert teke hand om av dagleg leiar på vegne av det styringsorganet det gjeld – slik det er vanlig i ein organisasjon. Dagleg leiar har overordna fagleg og administrativt ansvar for dei tilsette.

Grunnleggande spørsmål i den lokale kyrkja vil vere: kva form for leiing treng kyrkjelyden? Kven leier kva og kor mange leiarar trenger vi? Korleis kan leiing føre til «*en dynamisk videreutvikling av kirkens liv*» og «*medlemmenes engasjement og deltagelse*» – slik Kyrkjemøtet 2007 formulerte det (sak KM 8/07, pkt. 11 og 12)? Dette er med å aktualisere både *kven* som leier og *korleis* ein leier.

Leiing i dag skjer på fleire område:

- soknerådet som leiar av kristeleg verksemd i soknet og kyrkjeleg fellesråd som kyrkjeleg samarbeidsorgan for sokna (kyrkjelovens §§ 9 og 14),
- kateketen som «leder av menighetens undervisningstjeneste med ansvar for å rekruttere, utruste og veilede frivillige medarbeidere» (tjenesteordningens § 2),
- diakonen som «leder av menighetens diakonitjeneste med ansvar for å rekruttere, utruste og veilede frivillige medarbeidere» (tenesteordninga sin § 2),
- kyrkjemusikaren som «leder av menighetens kirkemusikalske virksomhet med ansvar for å forvalte og gjøre levende tradisjonelle og nye kirkemusikalske verdier ...» (tenesteordninga sin § 2),
- kyrkjelydspresten som «i forvaltningen av Ord og sakrament utøver ... et pastoralt lederansvar og bidrar



*Ei hovudutfordring i kyrkjeleg leiing er tilhøvet mellom leiinga frå valde organa og den leiinga som følger av prestetenesta.*

til strategisk og åndelig ledelse i og av menigheten» (tenesteordninga sin § 10),

- kyrkjelydsforvaltar som dagleg leiar for verksemda i soknet,
- kyrkjeverje som arbeidsgjevar for tilsette i soknet/ sokna, med ansvar for budsjettprosessar, vedlikehald av kyrkjebygg, gravferdsverksemd og andre oppgåver lagt til fellesrådet.

Ei hovudutfordring i kyrkjeleg leiing vil òg handle om tilhøvet mellom dei valde organa si leiing og den leiinga som følger av tenesta med ord og sakrament. Svaret på dette er ikkje *enten – eller*, men snarare *både – og*. Grunnlovsendringane vil særleg aktualisere denne utfordringa: skal prestetenesta og dei valde organa framleis vere to sjølvstendige verksemder, eller skal desse avviklast og erstattast av éi verksemd?

## Tilsyn

Kyrkjeordninga inneheld i dag både

- eit *kongregasjonalistisk* element som vektlegg sjølvstende for den enkelte kyrkjelyden,
- eit *synodalt* element som vektlegg at valde utsendingar utgjer eit kyrkjemøte og representerer heile kyrkjesamfunnet og
- eit *episkopalt* element som gjeld det kyrkjelege tilsynsembetet, biskopen.

Kyrkjeordninga vår er eit uttrykk for balansen mellom desse elementa.

Biskopen si tilsynsmynde er ein viktig del av kyrkja si ordning. Tilsyn er i kyrkjeordninga definert slik i tenesteordning for biskopar § 1:

*Biskopen skal gjennom forkynnelse og sakramentforvaltning ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmunstre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsatte og øvrige medarbeidere. For å ivareta dette tilsynsansvar kan biskopen gi råd og veiledning, og også gi bindende pålegg vedrørende presters og andre kirkelig tilsattes tjenesteutøvelse.*

*Biskopen ser til at prestene forvalter sakramentene, forkynner og selv lever i overensstemmelse med den kristne tro, slik den er uttrykt i vår kirkes bekjennelse og ordninger, og at også andre som er vigsla til tjeneste i kirken virker og lever i samsvar med vigslingsformaning og løfte.*

*Biskopen fører tilsyn med at de kirkelige råd i bispedømmet utfører sitt arbeid i lojalitet med den evangelisk-lutherske lære.*

I tillegg til å føra tilsyn, skal biskopen etter § 2 i tenesteordninga også ha arbeidsgjevarfunksjonar overfor prestane:

*Biskopen er den øverste leder av prestetjenesten i bispedømmet...*

Som følgje av at bispedømmerådet er tillagt ansvaret for tilsetting av prestar, har også biskopen ein viktig funksjon i dette. Grunnen er at biskopen både er medlem av bispedømmerådet og at bispedømmerådet ikkje er vedtaksført utan at biskopen er til stades.

Tilsynet er heimla i tenesteordning for biskopar § 1.

Der står mellom anna:

- biskopen sitt teologiske grunnlag,
- at tilsynet skal vere innretta mot heile kyrkja,
- at tilsynet både er ei arbeidsform og eit særskilt mynde.

Biskopane skal også godkjenne lokale trusopplæringsplanar og vurdere dei i relasjon til nasjonalt vedteken plan.

Eit viktig omsyn i kyrkjeordninga vil vere å legge forholda til rette for biskopen sitt tilsyn. Dette er gjort greie for i *Kjent inventar i nytt hus. Hefte 2*. Alle spørsmål som der er drøfta vert ikkje teke opp i denne omgang. Utforminga av biskopen sitt tilsynsansvar slik det står i gjeldande tenesteordning, er heller ikkje det som skal drøftast her. Men eit spørsmål det er viktig å få attendemelding på, er om biskopens tilsynsmynde skal kombinerast med arbeidsgjevarfunksjonar. I dag fører biskopen tilsyn med alle tilsette i vigsla stillingar, men det er kun overfor prestane biskopen er arbeidsgjevar.



## Kyrkjeleg tilsette og kyrkja som arbeidsgjever

Dei viktigaste arbeidsgjeverfunksjonane er ansvaret med å leie, fordele arbeid, kontrollere, rett til å tilsette og seie opp arbeidstakarar, oppfølging av arbeidsstid og arbeidsmiljø med vidare.

Kyrkjemøtet gjekk i 2005 inn for at det skal vere eit felles arbeidsgjeveransvar i ei framtidig kyrkeordning.

Sidan Den norske kyrkja i dag er bygd opp med to sjølvstendige verksemder – prestetenesta og valte organ si verksemd – er det òg to typar arbeidsgjeverar, det som i kyrkja vert kalla *dei to arbeidsgjeverlinjene*:

1. *Staten* er arbeidsgjever for prestane (og dei tilsette i dei kyrkjeleg organ regionalt og sentralt). Tilsettingsmynde for prestane er lagt til bispedømmerådet i eigenskap av regionalt statsorgan. Biskopen leier prestetenesta i eigenskap av statleg embetsmann. Arbeidsgjeveransvaret vert utøvd på basis av *statleg* hovudavtale og tariffavtale.

2. *Kyrkjeleg fellesråd* (eller soknerådet) er arbeidsgjever for dei tilsette i soknet. Tilsettingsmynde er lagt til kyrkjeleg fellesråd som organ for rettssubjektet soknet. Kyrkjeverjen leier på vegne av kyrkjeleg fellesråd. Dei tilsette skal utføre oppgåver som anten er tillagt soknerådet (§ 9 i kyrkjelova) eller kyrkjeleg fellesråd (§ 14 i kyrkjelova). Arbeidsgjeveransvaret vert utøvd på basis av *Kyrkjeleg* hovudavtale og hovudtariffavtale. Det er KA – Kyrkjeleg interesse- og arbeidsgjeverorganisasjon – som på vegne av soknet inngår desse avtalane i medhald av § 34 i kyrkjelova.

Dersom ein skal innføre felles arbeidsgjeveransvar, må det etablerast nye ordningar. Av dette følgjer ei rekke problemstillingar: kva for nivå i kyrkeorganisasjonen skal ta hand om eit felles arbeidsgjeveransvar? Skal tilsettingsmynde for ulike grupper tilsette i kyrkja skiljast frå det organet som tek hand om arbeidsgjeveransvaret?



2012

### Regjeringa og Stortinget

Grunnlovsendringar.  
Endringar i kyrkjelova

2013

### Kyrkjelege organ

Evaluering demokratireforma.  
Refleksjonsprosess om ny kyrkeordning.

Handsamar sak om ny ordning for kyrkjeval.

Kyrkjemøtet handsamar framlegg til ny kyrkeordning og valordning.

## Ei mogleg tidsline

Kyrkjerådet ser føre seg følgjande moglege tidsline for det vidare arbeidet med kyrkjeordninga.

### 2012

Evaluering av demokratreforma

Grunnlovsendringar – kyrkjeleg statsråd vert avvikla  
Endringar i kyrkjelova: tilsetting av prostar og biskopar  
v/ kyrkjeleg organ

Kyrkjemøtet vedtek ordning for tilsetting av biskop  
Kyrkjemøtet vedtek ordning for tilsetting av prost  
Refleksjon og innspel om framtidig kyrkjeordning  
Regjeringa presenterer utgreiing om statleg trus- og  
livssynspolitikk

### 2013


Kyrkjemøtet handsamar sak om kyrkjeordning  
Kyrkjemøtet handsamar sak om kyrkjeleg valordning.  
Stortinget handsamar sak om ny valordning i kyrkja.  
Stortingsval.

### 2014

Kyrkjemøtet vedtek ny/revidert valordning framfor  
Kyrkjevalet 2015.

### 2014 – 2015 – 2016

Utarbeide framlegg til kyrkjeordning  
Stortinget endrar Kyrkjelova så Kyrkjemøtet får mynde  
til å fastsette kyrkjeordning  
Innpllassering av overordna ansvar for prestetenesta  
Høyringar om konkret framlegg til kyrkjeordning – ny  
fordeling av mynde / organisasjonsstruktur  
Kyrkjeordning skal fastsetjast – med eventuelt ny  
organisasjonsstruktur. Revisjon av øvrig regelverk.



## 2014 –

### Regjeringa og Stortinget

Stortingsmelding om ny kyrkjelov.

Høyring om ny kyrkjelov.

Stortinget vedtek ny kyrkjelov.

### Kyrkjelege organ

Kyrkjemøtet vedtek uttale om  
framlegg til ny kyrkjelov.

Kyrkjerådet sender utkast til  
kyrkjeordning på høyring.

Kyrkjemøtet vedtek ny  
kyrkjeordning.

# Spørsmål

Berre via denne nettadressa kan ein sende innspel om en framtidig kyrkjeordning til Kyrkjerådet.

<https://response.questback.com/kirken/kirkeordning/>

Det er stilt ei rekke spørsmål, med stor openheit for kommentarar i tekstfelt.

*Nedanfor finn ein spørsmåla slik at medlemmer i sokneråd, kyrkjelege fellesråd og andre kan førebu seg til drøftinga av på kva måte ein vil nytte høvet til å gje tilbakemelding.*

Før det vert stilt spørsmål om tematikken, blir respondentane bedne om å oppgje

- kven ein svarar på vegne av,
- storleiken på kyrkjelyden (antall medlemmer),
- talet på tilsette i soknet,
- om refleksjonsdokumentet er handsama meir enn ein gong i soknerådet/fellesrådet.

## Kjenneteikn på ei god kyrkjeordning

Bakgrunnen for dette spørsmålet finn de i kapittel 3 og 4, s 8-11

- **-5- Korleis kan kyrkjeordninga støtte kyrkjelyden sine oppgåver? Formuler kort inntil tre moment. Desse bør ikkje omhandle økonomiske behov.**
- **-6- Kva for rolle meiner de spørsmålet om organisering av kyrkja lokalt har for kyrkja si framtid?**
  - Svært lita rolle
  - Lita rolle
  - Stor rolle
  - Svært stor rolle
  - Veit ikkje

## Vurdering av dagens ordning

- **-7- Kva for sider ved ordninga i dag er med på å fremje eller hemje oppgåvene i soknerådet?**  
Formuler inntil tre moment for og mot.
- **-8- Kva for sider ved ordninga i dag er med på å fremje og hemje oppgåvene til fellesrådet?**  
Formuler inntil tre moment for og mot.
- **-9- Kva for sider ved ordninga er med på å fremje og hemje oppgåvene i bispedømmerådet?**  
Formuler inntil tre moment for og mot.

## Lokal organisering (jf. s 14)

- **-10- Sokna er i dag representert av to organ, soknerådet og fellesrådet. Kva for erfaringer har de med dette? Skriv gjerne både positive og negative erfaringar.**

- -11- Dersom det skal vere to organ i framtida, korleis skal arbeidsdelinga mellom desse vere?
- -12- Bør ein slå saman sokn, slik at sokna kan bli meir robuste einingar?
  - Ja
  - Nei
  - Veit ikkje
  - Hvis ja, kva bør i slike tilfelle vere grunnar til samanslåing?

*(for sokneråd):*

- -13- Er soknet de bur i passe stort?
  - Ja
  - Nei
  - Veit ikkje
- Har de andre kommentarar til storleiken på soknet de bur i?
- -14- Meiner de fellesråd bør slåast saman ?
  - Ja
  - Nei
  - Veit ikkje
- Har de andre kommentarar til samanslåing av fellesråd?

*Soknet, kommunen og lokalsamfunnet* (jf. s 15)

- -15- Kor viktig er det å ha eit kyrkjeleg organ på kommunenivå, som svarar til dagens fellesråd?
  - Ikkje viktig
  - Litt viktig
  - Ganske viktig
  - Svært viktig
  - Veit ikkje
- -16- Korleis sikre ein god relasjon mellom kyrkje og kommune?
  - Via eit fellesråd for alle sokna i kommunen
  - Via eit prostiråd som enten dekkjer fleire kommunar eller er ein del av ein storkommune
  - Direkte frå sokneråd til kommunen
  - Veit ikkje
- -17- Det skal framleis vere eit forvaltningsnivå (demokratisk vald organ) mellom soknet og Kyrkjemøtet. Kva bør dette mellomnivået vere?
  - Eit organ på bispedømmenivå
  - Eit organ på prostinivå
  - Eit organ på fellesrådsnivå
  - Veit ikkje

• -18- Kva for organ bør ta hand om følgjande oppgåver? Fleire moglege alternativ.

	Prest	Biskop	Sokneråd	Fellesråd	Prostiråd	Bispedømmeråd	Kyrkjemotet	Veit ikke
Vedta budsjett/årsplan for kyrkjelyden	<input type="checkbox"/>							
Godkjenne lokale diakoni-, kyrkjemusikk- og trusopplæringsplanar og lokal grunnordning for gudstenesta	<input type="checkbox"/>							
Vedta å leggje ned kyrkjebygg	<input type="checkbox"/>							
Ansvar for gravferdsforvaltning	<input type="checkbox"/>							
Servicekontor/spørsmål frå publikum	<input type="checkbox"/>							
Gjere vedtak om oppretting av nye sokn og samanslåing av sokn	<input type="checkbox"/>							
Ta hand om kontakten med kommunen	<input type="checkbox"/>							
Tilsetjing av ikkje-vigsla tilsette	<input type="checkbox"/>							
Tilsetjing av vigsla tilsette	<input type="checkbox"/>							
Tilsetjing av prest	<input type="checkbox"/>							
	Prest	Biskop	Sokneråd	Fellesråd	Prostiråd	Bispedømmeråd	Kyrkjemotet	Veit ikke
Tilsetjing av stillingar som skal samarbeide på tvers av fleire sokn	<input type="checkbox"/>							
Fagleg rettleiing innan diakoni, undervisning, kyrkjemusikk mv	<input type="checkbox"/>							
Overordna arbeidsgjevaransvar for tilsette (rettsleg)	<input type="checkbox"/>							
Leiing av tilsette som ikkje er vigsla	<input type="checkbox"/>							
Leiing av prest	<input type="checkbox"/>							
Drift av gravlund	<input type="checkbox"/>							
Utforming av gravlund	<input type="checkbox"/>							
Utforming av kyrkjebygg	<input type="checkbox"/>							
Om finansieringsordningiar: fordeling av sentrale midlar	<input type="checkbox"/>							
Om finansieringsordningiar: fordeling av kommunale midlar	<input type="checkbox"/>							

## **Leiing** (jf. s 17-18)

- -19- Kva kjenneteiknar god leiing i kyrkjelyden? Beskriv inntil tre kjenneteikn.
- -20- Beskriv kort inntil tre utfordringar de har når det gjeld leiarskap.

## **Arbeidsgjeveransvar/tilsyn** (jf. s 19-20)


- -21- Meiner de at biskopen si tilsynsmynde skal kombinerast med arbeidsgjevarfunksjonar?

Ja  
Nei  
Veit ikkje

Hvis ja, kven bør biskopen eventuelt ha arbeidsgjevaransvar for?

Alle vigsla tilsette  
Berre for prestane  
Alle tilsette  
Veit ikkje

Berre via denne nettadressa kan ein sende innspel om en framtidig kyrkjeordning til Kyrkjerådet:  
<https://response.questback.com/kirken/kirkeordning/>



Dei nyare utredningane som er omtalte i dette heftet, er tilgjengelege via nettstaden [www.kyrkja.no/kirkjeordning](http://www.kyrkja.no/kirkjeordning).

## Vedlegg

# **Den politiske avtalen som ble inngått mellom alle partier på Stortinget 10. april 2008 ("kirkeforliket").**

Avtalepartene, Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre, har inngått følgende avtale.

Alle dens punkter gjelder ut stortingsperioden 2009 – 2013.

Alle punkter i denne avtalen henger sammen og består av en helhet.

Nødvendige utredninger, lovforberedelser og lovteknisk gjennomgang som følger av avtalen gjennomføres så snart som mulig.

Endringer kan kun gjøres om alle avtalepartnerne er enige om det.

Denne avtale er ikke til hinder for at partiene i merknader i komitéinnstillingen gir uttrykk for sine primærstandpunkter, eller at representanter fremmer primære grunnlovsforslag.

## **1. Utnevning av biskoper og proster, demokratireform**

Avtalepartene er enige om at det igangsettes en prosess hvor partenes felles mål er at utnevning av biskoper og proster overføres fra kirkelig statsråd til kirkelig organ som kirkemøte eller bispedømmeråd.

I samarbeid med Den norske kirke skal det gjennomføres en demokratireform, slik også Kirken har tatt til orde for, slik at kirkens organer får en sterkere demokratisk legitimitet og forankring hos kirkemedlemmene. Reformen gjennomføres med utgangspunkt i Bakkevigutvalgets innstilling. Reformen skal inneholde etablering av reelle valgmuligheter, økt bruk av direktevalg og kirkevalg samtidig med offentlige valg. Det bør gjennomføres forsøk med ulike ordninger som evalueres i samarbeid med kirkens organer, før Stortinget vedtar endelig ordning for valg til Kirkemøtet og Bispedømmeråd. Det legges til grunn at en tilfredsstillende demokratireform ut fra overnevnte forhold, er gjennomført i Den norske kirke i løpet av 2011.

## **2. Kirkelig statsråd og kirkeordning**

Når prosessen i punkt 1 er gjennomført, vil det ikke lenger være behov for vedtak i kirkelig statsråd. Grl. § 12 annet ledd og § 27 annet ledd kan derved oppheves.

Partene er enige om at bl.a. følgende vesentlige elementer i statskirkeordningen skal videreføres:

3. Den norske kirke skal ha særskilt forankring i Grunnloven, jmf, ny § 16.
4. Den norske kirkes organisering og virksomhet skal fortsatt reguleres ved en egen kirkelov, uten at kirken defineres som eget rettssubjekt.
5. Staten skal fortsatt lønne og ivareta arbeidsgiveransvaret for biskoper, proster, prester og andre som tilsettes i kirkelige stillinger av regionale og sentrale kirkelige organer, dvs. at disse fortsatt skal være statstjenestemenn.
6. Den regionale og sentrale kirkelige administrasjonen skal fortsatt være en del av statsforvaltningen.
7. Forvaltningsloven og offentlighetsloven skal fortsatt gjelde for lovbestemte kirkelige organer.
8. Staten skal fortsatt sørge for at kommunene har lovbestemt plikt til å finansiere den lokale kirkes virksomhet.
9. Den kommunale representasjonen i kirkelig fellesråd videreføres som i dag.

## **3. Grunnlovsendringer:**

Når prosessen i punkt 1 er gjennomført, gjøres følgende endringer i grunnloven:

- Grl. § 2 endres til: «*Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv. Denne Grundlov skal sikre Demokrati, Retsstat og Menneskerettighederne.*»
- Grl. § 4 endres til: «*Kongen skal stedse bekjende sig til den evangelisk-lutherske Religion.*»


- Grl. § 16 endres til: «*Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse. Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan af Staten. Nærmere Bestemmelser om dens Ordning fastsættes ved Lov. Alle Tros- og Livssynssamfund skal understøttes paa lige Linje.*»
- Grl. §§ 21 og 22 «geistlige» tas ut.
- Grl. § 12, annet ledd: oppheves
- Grl. § 27, annet ledd: oppheves
- Kapittel A endres til: Om Statsformen
- Kapittel B endres til: Om den udøvende Magt, Kongen og den kongelige Familie og om Religionen.

## 4. Finansiering

Dagens finansieringsordninger for Den norske kirke og andre tros- og livssynssamfunn videreføres. Det innebærer blant annet at det ikke innføres medlemsavgift i Den norske kirke.

## 5. Gravferdsforvaltning

Dagens lovgivning på området videreføres. Samtidig gjøres det tilpasninger som ivaretar minoritetene.



## 6. Livssynsnøytrale seremonier

Det skal igangsettes en utredning med sikte på lovfestning av et kommunalt ansvar for at livssynsnøytrale seremonirom finnes til bruk ved gravferd og ved ekteskapsinngåelse. Utredningen skal blant annet utrede spørsmålet om finansiering.

© Kyrkjerådet, 2012

Sendt til alle sokneråd, kyrkjelege fellesråd og kyrkjelege organisasjoner og institusjoner i juni 2012

Sats og layout: Torgeir Ulshagen.

Trykk: BK grafisk - opplag: 3.200 eks. (nynorsk) - 12.000 eks. (bokmål)

Bilete: Omslagsbileta av kyrkjer landet rundt er henta frå [www.kyrkjesøk.no](http://www.kyrkjesøk.no),

side 7, foto: Stortinget,

side 8 frå venstre, foto: Ragnar Albertsen, Kyrkjerådet,

side 9, foto: Thea Haavet,

side 10, foto: Sveinung Bråthen,

side 11, foto: Annar Bjørgli,

side 12 og 14, foto: Kyrkjerådet,

side 15, foto: Kai Myhre, KA,

side 17, foto: Askøy kyrkjelege fellesråd,

side 18, foto: Sveinung Bråthen,

side 19, foto: Asker kyrkjelyd.

Bestill fleire eks. frå: Kyrkjerådets materiellekspedisjon, Postboks 799 Sentrum, 0107 Oslo.

[materiell@kyrkja.no](mailto:materiell@kyrkja.no) - tlf.: 23 08 12 00

Heftet ligg òg føre på bokmål - (ISBN 978-82-7545-111-6)

ISBN 978-82-7545-112-3



Føremålet med dette heftet er å starte ein brei refleksjon mellom kyrkjelydar, kyrkjelege organ og kyrkjelege organisasjoner om framtidig kyrkjeordning. Heftet skal danne grunnlag for ei drøfting av viktige tema som gjeld kyrkjeleg organisering.

Arbeidet med kyrkjeordning skal skje i ein brei og open prosess med rikeleg høve til å kome med innspel til Kyrkjerådet sitt vidare arbeid.

ISBN 978-82-7545-112-3

